

FRA AFTENPOSTEN:

# Likvideringar: Kan historie vere verdifri?

Andreas Skartveit har gjort seg ettertanker om hvorfor debatten om Ulateigs bok om krigens likvidasjoner ble så opphisset. Vi kan ikke lenger føle oss trygge på at nazismen ble overvunnet for alltid, og en historieskriving som gjør partene i krigen likeverdige, bidrar til å legitimere nazismens gift. Historien kan aldri bli verdifri. Historikeren plikter å vise kort.

**Av Andreas Skartveit**

Vi hadde i fjor haust ein uvanleg høisig debatt om ei av fjorårets bøker, Egil Ulateigs bok om likvidasjane under krigen. Debatten var uvanleg sitt, ein må kanskje tilbake til Thorkild Hansens Hamsundbok i 1978 for å finne noko liksnande.

Så kan ein spørje, som ein kunne spørje den gong: Kvifor vart folk så sint? Kvifor vart temperaturen så hog?

Eit delsvar er alle feila i boka. Dei påviste feila vart etterkvart nokså mange. Det vart gjort forsøk på å unngå konfrontasjon ved å si at det også var feil i andre bøker, også bøker om krigen. Dette forsøket bar ikkje så langt, fordi dei faktiske skuldningane hos Ulateig var så alvorlege, langt meir alvorlege enn dei feila ein kunne finne i andre bøker. Mange av dei som skuldingane var retta mot, reagerte sterkt.

Dessfe feila forkladra dei prinsipielle sidene ved debatten. Det vart reist krav om inndragning av boka, eit krav som vart tilbakevist ved å se til ytringsfridomen. Men

ingsfridomen er eit vern for retten til å kome med synspunkt, ikkje eit vern for retten til å spreie falske opplysningar. Og dei krava om inndragning og såg, handla om feila, og presiserte retten til å meine fritt.

No ville nok den prinsipielle batten stått seg på at inndragings-



kravet ikkje var blitt lansert, og at det ikkje var blitt møtte med å vise til ytringsfridomen. Å inndra publiserte bøker er svært alvorleg, og til litra hjelp, og ytringsfridomen er ingen fridom til å sjuske med faktat.

Eit anna delsvar kan vere at Heimefronten og dei som var med der, kjende boka som ein kniv i eit ømt sår, og såleis gjekk i sjøforsvar. Det er eit svar som heller ikkje ber så langt. Det var først heilt i siste fase dei aktive heimefrontfolka kom tungt inn, med Gunnar Sønsteby i spissen. Den hardeste kritikken kom likevel frå 40-50-åringar, folk som ikkje var fødde under krigen, eller som i alle fall ikkje var vaksne. Dette hadde funn sin del i ingenting anna, men dei var nadelaua i sin kritikk av forfattar, forlag og konsulent.

Kvifor denne temperaturen, som ein krig etter ein krig som tok slutt for over femti år sidan? Eg trur at det som låg under debatten, og gav den høge temperaturen, var eit eldgammalt spørsmål til all historieskriving og alle historieskrivarar: Kva verdar byggjer du på? Kva er det du i grunnen vil ha sagt?

Debatten om Ulateigs bok avviser at det kan finnast objektiv og eintyd historieskriving, om nokon skulle ha trudd det. Og dette i ikkje ein debatt inne i det akademiske elfenbeinstårnet. Det er ein debatt her og no, i vår politiske røyndom.

Dette er ingenting nytt. Historikarar har alltid hatt sidearend, ut

over det å fortelje den eintydige, objektive sanninga, som ikkje finst. Og dei har alltid fungert politisk i si eiga samtid.

Vergil skreiv Romas historia, for å gje Roma den ærerie fortida Augustus meinte byen trond. Snorre brukte den gamle norske historia i si samtid, medan norske historikarar i føre hundreåret brukte Snorre i si samtid, for sine politiske mål. Sars var historikar for Venstre, medan Koth og Bull valde eit klassekamperspektiv for sitt arbeid. Bismark omtalte historieprofessorane som «mine slagkryssar ved universitet», og Russland må i dag skrive heile historia på nyt, fordi eit regime er falle. For nokre år sidan hadde vi ein høisig debatt om 1814 mellom norske historikarar, der det grunnleggjande spørsmålet var korleis 1814 kunne brukast eller ikkje brukast i EU-debatten. Akkurat no har vi gåande ein politisk strid om ein viktig del av etterkrigshistoria vår.

Historie er politikk, og har alltid vore det. Då blir det lettare å forstå at vi framleis kan ha høg temperatur på debattar om den andre verdskriegen, og tilsvarende bøker. Det gjer også an å forstå at temperaturen kan vere stigande, og at vi i 1996, over 50 år etter krigen, kan få ein så sint debatt som den vi hadde i haust.

Mange av oss er urolege over det vi ser rundt oss. Det skjer ting vi ikkje likar. Signal kan tyde på at det framleis er liv i den slange vi trudde fikk hovudet knust under den andre verdskriga. Nazismen er tilbake, i form av nynazisme.

Går vi over grensa til Sverige – som hadde ei større og sterke nazirørsla enn oss før krigen, og som ikkje fekk noko oppgjør med henne etter krigen – finn vi sterke nynazistiske ungdomsrørsler, med ein velorganisert økonomi, med musikkforlag og forlag for trykt skrift. Vi har på fjernsynet sett uniformerte ungdommar med steinansikt løfta høgrearmen og skrike «Sieg Heil». Antisemittisme og annan rasisme lever, godt, og svenske han siste åra sett fleire drap og overfall på innvandrarar.

Antisemittismen og rasismen er i vokster rundt oss, i eit Europa som har ei historie på dette punktet. At vi skulle oppleve dette, hadde vel få av oss trudd for berrt tje å sidan.

Samstundes ser vi arbeidsløysa legge si kalde hand over Europa, heile regionar blir lagde ned, Nord-Frankrike er daudt, seier dei i Frankrike. Store ungdomsgrupper har gått rett ut i arbeidsløysa, dei sosiale kostnadene er store. Vi har oljen, og er eit unntak.

Dette minner om ting vi har sett før, og som historia kan fortelje om.

Så har vi opplysinga i aust, Russland, Balkan. Det verkar også kjent. Eg trur vi må ha dette som bakteppe for å forstå kvifor debatten om denne boka vart så ilter. Det som har hendt rundt oss det siste

tiåret, har gjort den andre verdskrigen nærmere enn på lang tid.

Då denne krigen var slutt, trudde nok dei fleste at dette ikkje kunne skje igjen, nazismen og antisemitismen var døde, for godt. I dag er vi ikkje lenger så sikre på det. Det mentale vaktaheldet er skjerpa, og patronene sit lausare enn før. Kanskje er det berre spøkjelse det blir skote på, men spøkjelsen er i alle fall styt nok. Og vesenet, spøkjelse eller ikkje spøkjelse, viser seg ofte enn før.

Samtidig er det ei internasjonal rørsle i gang for å skrive om historia om den andre verdskriga. Gasskammera fanst ikkje, seier revisionistane, med David Irving og Robert Faurisson i spissen. Nazis-

historie.

Det er dette lagnadstunge dramaet som blir borte om ein vil skildre dette verdifritt, i den forstand at ein gjer partane like, og ikkje vil ta standpunkt til det konflikten faktisk handla om. Gjer ein utgjerningane og overgrepene likeverdige på begge sider, så gjer ein også partane likeverdige. Og då er Hitler rehabilitert, i eit Europa der ikkje berre dei mest hysteriske ser skuggen hans. Her trur eg vi finn grunnen til den høge temperaturen i debatten, også til at dei var etterkrigsgenerasjonen som var tyngst på labben når dei slo. Krigsgenerasjonen og motstandsfolka er snart borte, det er vi og våre barn og barnebarn som skal leve i det Europa vi no ser.



**NYNAZISME PÅ FRAMMARSJ:** Historikaren må stå til ansvar for sine verdiar, skriv Andreas Skartveit.

mens ugjerningar skal difor fornekast, og så gløymast.

I debatten om Ulateigs bok vart det sagt at ein her fekk den tyske versjonen av den norske motstandskampen, den tyske oppfatninga, og at det måtte vere av interesse. Det må det opplagt vere, men det blir problematisk om det stoppar der. Vil ein sjå på dette som eit spel, eit sjakkspill eller ein fotballkamp, som ein så vil skildre på noktermvis, må det bli problematisk på verdiplanet, dere det handlar om rett og urett, om vont og godt.

Ei slik likestilling av dei kjempende partane kan fort bli ei rehabilitering av Nazi-Tyskland og Hitler. Når der kjem til stykket, var partane i den andre verdskriga like gode kålsuppar, som svenske seier. Det var urett og overgrep og vald på begge sider. Og det var det.

Men noko er gåttapt her, og det er her eg trur vi finn forklaringa på sinnet og den høge temperaturen. Nazismen er nok det største trugsalmalet vår sivilisasjon har møtt,

kampen mot nazismen var ein kamp for å hindre at vår sivilisasjon skulle gå under. Vår sivilisasjon ville ikkje kunne leve med det nazistiske menneskesynet.

Det var dette dei forsto, dei som engasjerte seg i motstandskampen. Og dei forsto det instinktivt, utan å ha lese korkje filosofi, etikk eller

Debatten har etter mi meinig vist at det ikkje finst verdifri historieskriving. Utval og tolking av fakta, vektlegging ved analyse, det er alt prega av dei grunnleggjande verdiane som ligg under skrivarens arbeid.

Då endar vi kanskje opp med eit gammalt krav, formulert sterkt av m.a. nobelprisvinneren Gunnar Myrdal: At historikarar og samfunnsforskare for dei talar til oss, må gjøre greie for sine verdiar og sine målsettingar, så vi veit kven det er vi høyre. Så kan vi sjølv lettare justere dei vi les og høyre. Det heile blir ærlagere slik.

Det vil også innebere at historikaren og samfunnsforskaren må stå til ansvar for sine verdiar og vurderingar, slik politikarar, bedriftsleiarar og andre må.

Det kan til tider bli harde tak. No ser det ut til at det blir det i alle fall, når ein historieskrivar går ut i eit konfliktfelt og verdikritisk landskap.

Og det er dei grunnleggjande verdiane han må stå til ansvar for, sine eigne verdival. Det kan tyde på at vårt ofentlege rom ikkje fungerer så dårleg som ein i tunge stunder kan kome til å meine.

Debatten og gnyet kan ha vore ei lærestykke. Når støvet har lagt seg, ser ein eit anna landskap enn det som fanst før uveret braut laus.

## Kvinnesaken

Innlegget «Kvinnestyrkt kulturskandal» i Samfunnsliv, 25.11.96 minnet meg om utallige beundraelse eller æreskrenkelser av kvinner som berømte menn har kommet med gjennom århundrer. Jeg nevner noen av dem:

«Kvinnenes beskjedenhet kommer av deres mangel på fullkomheten» Montesquieu

«Suksessrike menn har vanligvis kloke hustruer» Schiller

«Kvinner er menn underlegne» Auguste Conte

«Kvinner er for det meste sjalu» Schopenhauer

Egenskaper som tillegges kvinner er, etter min mening, ikke til å stole på med mindre det er i samsvar med vitenskap og fornuft. Bahá'íene tror at det er én og uforanderlig sannhet; derfor må være

tidligere ufullkomne forestillinger om kvinner forandres i samsvar med sannheten. Abdul'Bahá (1844–1921) sier:

«For er verden blitt regiert med makt, og mannen har hersket over kvinnene på grunn av sine, så vel legemlig som åndelig, sterke og mer pågående egenskaper. Men nå begynner det å bli annerledes. Makten taper sitt herredømme, og åndelig årvåkenhet, intuisjon og egenskaper som kjærelighet og tjenstvilighet, som er kvinnens styrke, får overtaget. Den nye tid blir derfor mindre maskulin og mer gjennomtrent av kvinnelige, idealer, eller for å uttrykke det mer korrekt: de maskuline og feminine elementer i sivilisasjonen kommer til å bli bedre avbalansert.» – Star of the West, bind VIII, nr 3, s. 4.

N. Bozorgzad